



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 15/2015

Møtedato: 15.5.15

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

S596, Nørre Gilen – søknad om sel

Erik Gunnar Kvale har nyleg overteke Tune 40/27, Kvale eig frå før Nedre Kvåle 40/8. Tune har støl S596 på Nørre Gilen og grensar inntil stølen S594 til Kvåle Nedre. På S594 er det eit sel på ca 50 m² BYA. Tidlegare eigar av Tune fekk i sak 10/09 og 39/09 godkjent å erstatte selet med eit nytt med same storleik (62 m² BYA), men selet er ikkje bygd. Kvale søkjer å før opp nytt sel på stølen, men ynskjer eit større sel (73 m² BRA) enn det gamle selet. Selet skal plasserast på same stad som det gamle selet. Teikningar er lagt ved søknaden.

Kvale driv med storfe med mjølkeleving frå stølen. Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog har i brev datert 11.6.15 gjeve følgjande uttale:

Viser til oversendt søknad om utvidelse av tidligere godkjente byggetegninger for nytt sel, fnr 596. Ny eier av Thune (40/27) og tilhørende seter (fnr 596) søker om tillatelse til å oppføre ca 17 m2 større sel enn det forrige setereier fikk tillatelse til i 2009. I 2009 ble det gitt tillatelse til å sette opp sel av samme størrelse som det gamle, 62 m2. Søker oppgir ingen konkrete behov for utvidelsen.

Ny eier, Erik Gunnar Kvale, har tidligere leid Thune og fnr 596. Kvale har også nabosetra, fnr 594, og driver med melkeproduksjon der. I forbindelse med søknadsbehandlingen i 2009, opplyste Kvale i følge fjellstyrets saksfremlegg (10/2009) at han ikke hadde behov for selet på fnr 596 i sin drift.

Etter Statskogs mening er det kurant å anse Thune (40/27) og Kvåle nedre (40/8) som én bruksenhet som driver melkeproduksjon. Det medfører at de to setrene (594 og 596) også må anses som én enhet hva angår bruk og behov for bygningsmasse. Selet på fnr 594 er i følge seterregistreringen på ca 50 m2 (ifølge matrikkel litt mindre) samtidig som det altså tidligere er gitt tillatelse til å rive gammelt og sette opp nytt sel på 62 m2 på fnr 596. Etter vår mening er slikt husrom på ca 110 m2 tilstrekkelig for å kunne drive melkeproduksjon etter dagens standard og krav. Dette synet underbygges av at søker for kun få år siden opplyste at bebyggelsen på fnr 594 var tilstrekkelig for drifta på setra.

Dersom fjellstyret har en annen vurdering av saken, forutsettes det at det i saksfremlegget begrunnes konkret gjennom en behovsvurderingen i samsvar med seterforskriften.

Oppland fylkeskomme har i e-post datert 12.6.15 gjeve følgjande uttale:

Viser til oversendelse av denne saken. Det søkes om å endre byggetegninger gitt i tillatelse fra Vestre Slidre Fjellstyre sak 38/2009. Oppland fylkeskommune ved kulturarvenheten har ingen vesentlige merknader til søknaden.

Statskog gir den 11.6.15 uttale med behovsvurdering. Vurdering av behovet er utan tvil fjellstyret sitt ansvar etter stølsforskrift. Fjellstyret har tidlegare drøfta Statskog sin praksis med dobbel saksbehandling i stølssaker. Statskog skal uttale seg til om tiltaket er til ulempe for Statskog som grunneigar, ikkje drive dobbel saksbehandling. Dette synet blir også støtta av adm.dir. i Statskog, Øistein Aagesen. Han skriv m.a. følgjande i brev til Vestre Slidre fjellstyret den 20.1.12: *Når det gjelder bygging på støl er dette areal utvist til utøvelse av bruksrettigheter og således ikke areal som Statskog som grunneier kan disponere over så lenge stølen ikke er falt i det fri. Ut fra denne vinklingen er jeg enig med fjellstyret i at Statskog ikke har en interesse i hvorvidt ny/tilbygget blir av den ene eller andre størrelsen.* Statskog si praktisering av saksbehandling gjer at ein får ein langt meir omfattande saksbehandling enn nødvendig, både for Statskog og fjellstyret. Det mest alvorlege er likevel at stølsbrukarane oppfatar prosessen med tiltak på stølane så byråkratisk og arbeidsam at det blir eit hinder for å starte tiltak.

Kvale har i dag eit sel på ca 50 m² utan bad/toalett og eitt soverom. Flatseng og sofa for barna er ikkje god løysing over tid. Han har hatt planer om å bygge på, men har ikkje hatt lyst til å øydelegga "sjela" i det gamle tømra selet frå 1896. Han har vurdert å søkja om eit kårsel, men ikkje funne god plassering utan å øydelegge dyrka mark og utsikt. Når han fekk kjøpe heile bruket Tune, vart det mulighet til å få ei god plassering av nytt sel. I 2009 opplyste han at han ikkje hadde ynskje om å bruke selet til Tune. Selet var i så

dårleg tilstand at det var uaktuelt å bruke. Dåverande eigar av Tune fann det heller ikkje verd å restaurere, men ville bygge nytt i staden.

Familien bur på stølen i minst to månader og det har dei gjort dei siste 23 åra. Kvale søker å før opp nytt sel på stølen på 73 m² BRA, Statskog meiner at det nye selet på 73 m² er for stort når det gamle selet skal stå. Det er det nye selet som vil bli brukt i samband med mjølkeproduksjon og er ikkje spesielt stort ut frå drifta. Det er mest fornuftig å bygge eit nytt sel som tilfredstillar dei behov som følgjer av drift med mjølkeproduksjon og selet må ha slik storleik at det er praktisk som ein arbeidsplass. Å drive aktiv mjølkeproduksjon med to sel som er for småe er ikkje ei god løysing. Det er heller ikkje aktuelt å krevja at det gamle selet på S596 skal rivast.

Søkjjar har i lengre tid venta med å få kommunal godkjenning for kjøpet av Tune 40/27. Før han hadde fått godkjent kjøpet, kunne han søkt om å få bygge på selet til S594. Sidan han driv med mjølkeproduksjon ville han fått godkjent eit bygg som er større enn det selet han no søker om, eller han kunne staden ha søkt om eit kårsel. I tillegg kunne han etter overtakinga bygd selet som Ola Thune fekk godkjent tidlegare. Han kunne då hatt eit langt større areal enn det han no søker om. Søkjaren har ikkje spekulert i å få maksimalt areal, men ynskjer å ha bygg som er praktisk i drifta på stølen. Det er viktig at fjellstyret legg tilrette for dei som vil drive på stølane. Det bør derfor vera uproblematisk for fjellstyret å godkjenne søknaden.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta. Vedtaket er gjort på vilkår av at det gamle selet blir fjerna og nytt sel blir bygd på same tomt.

Vedtak

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta. Vedtaket er gjort på vilkår av at det gamle selet blir fjerna og nytt sel blir bygd på same tomt.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 22.6.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Erik Gunnar Kvale
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskomme